



**Møteprotokoll  
for  
Heradsstyret**

**Møtedato:** 22.04.2020

**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen (nettmøte via Teams)

**Møtetid:** kl. 17:00 – kl. 19:50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordførar
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordførar
Aksel Mjøs	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Elin Hege Brumer Bratvold	SV	Medlem, kom til sak 016/20
Lona		
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Johannes Myklebust Bysheim	AP	Medlem

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem, perm. frå kl. 17.50 – kl. 18.10
----------------------------------	---	--

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Sebastian Andre Haugland	H	Vara for Ole J. Mjøs i sak 017
Alexander Thunestvedt	AP	Johannes Myklebust Bysheim
Synne Thunestvedt	SV	Vara for Elin B. Lona i sakene 013 – 015/20
Bjørn Tore Sund	V	Vara for K. Vevatne i samb. m/perm.

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekreteren

### Sakliste

Saknr	Tittel
013/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/20	Godkjenning av møtebok
015/20	Referatsaker og meldingar
016/20	Delegering av mynde frå heradsstyret i samband med koronakrisa
017/20	Interpellasjon om sal av skulebygget i Mjøsdalen
018/20	Interpellasjon om støtte til evakuering av flyktningar frå Morialeiren, Hellas

Møtet vart halde som nettmøte via Teams/telefon med heimel i Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredningen av Covid-19, §§ - 1-4.

### 013/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### 22.04.2020 HERADSSTYRET

Ordføraren, viste til to interpellasjoner til møtet og forslag til handsaming av desse.

*Protokoll frå heradsstyret 22.04.2020*

Rita Tveiten, AP, økonomisituasjonen til kommunen, spørsmål til slutten av møtet.

Siren Tyssebotn, FRP, varsla spørsmål til slutten av møtet

---

Det var elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**HS - 013/20 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

**014/20: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 19.02.2020 vert godkjend.**

**22.04.2020 HERADSSTYRET**

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 19.02. 2020.

**AVRØYSTING**

**HS - 014/20 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 19.02.2020 vert godkjend.**

---

**015/20: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

**22.04.2020 HERADSSTYRET**

**Referatsak 3:**

Ole Johannes Mjøs, H, spørsmål i samband med innmelding Robek og krav om vedtak i heradsstyret om tiltaksplan seinast 30. juni.

---

*Protokoll frå heradsstyret 22.04.2020*

Rådmannen, arbeidet med tiltak ikkje kome gang, ikkje minst grunna manglande kapasitet i dei store sektorane grunna handering av koronasituasjonen. Utfordrande å forklara situasjonen for utanforståande korleis korona påverkar heile drifta i kommunen. Rådmannen har i samråd med formannskapet kontakta ulike firma om utarbeiding av økonomiske analyser med frist 28. april for tilbod. Fristen for handsaming av rekneskapet er utsett til 15. september. Ventar no m.a. på revisjonen sin kontroll av refusjonskrav for ressurskrevande brukarar.

Fylkesmannen kan ikkje gje dispensasjon for fristen i juni, då denne er lovfesta. Fylkesmannen ynskjer å ha eit fysisk møte med heradsstyret, men dette er utsett inntil vidare grunna koronasituasjonen.

Ordinær drift pr. 1. kvartal er stort som budsjettet, men skatteinntektene er litt lågare enn budsjettet.

Arbeidet med kutta 30 mill. kr er ikkje kome i gang.

Kjersti Vevatne, V, Har forståing for situasjonen, og at ein ikkje vil klara fristen for tiltaksplanen. Treng konkrete tiltak for å få økonomien i balanse. Er ordføraren innstilt på å laga konkret tiltaksplan for omstilling av drifta.

Ordføraren, replikk, er innstilt på å gjera nødvendige grep for omstilling av drifta.

Rita Tveiten, AP, Må event. bruka Teams til å koma i gang med arbeidet.

#### **RS 5:**

##### **Orientering ved rådmannen i møtet om**

- smittetalsutviklinga i kommunen
  - smitteutbrotet på Lerøy Fossen; verksemda har samarbeidd godt med kommunen og smittevernlegen. Har no utarbeidd gode smittevernsrutiner og er villig til å dela desse med andre. Kommunen/smittevernlegen har fått ros frå Fylkeslegen for handteringa av smitteutbrotet.
  - Koronatelefonen - teamet jobbar godt og har opparbeidd god kompetanse. Fortsatt bruk helsejukepleiarar så langt råd er fram mot sommaren.
  - smittevernstiltak i helse- og omsorgstenestene
  - Slit med mangel på sjukepleiarar, gjeld alle kommunar. Koronapost må vera klar når behovet oppstår. Modalen interessaert i å kjøpa plassar ved behov.
  - ØHD-sengeposten i Knarvik er f.t. stengd.
  - Opning av barnehagane - utsett offisiell ei veke, grunna smitteutbrotet på Valestrand. Har teke inn fleire barn etter påske. Følgjer rettleiar for drifta. Nok personale og plass. Skuleopning 27. april.
  - har gitt innspel til KS om å prioritera opning for 10. klasse på ungdomstrinnet
  - Mistanke om koronasmitte for elev eller lærar - karantene for heile klassen inntil situasjonen er avklart
  - Kan etter kvart få ei utfordring med skuleskyss. Krav om færre passasjerar pr. buss.
  - Kontakt med 3. sektor - hatt teamsmøte for gjensidig informasjon og oppdatering
  - vil etter kvart prøva å bruka meir tid på næringslivet i samarbeid med Osterøy Utvikling AS
  - sjå mulighetar i situasjonen. Oversikt over permittere, mange jobbar ikkje på Osterøy. Ikkje mange permittere i osterøydriftene så langt. Utnytta statlege midlar til motkonjunkturtiltak.
  - kommunen har prioritert informasjonsarbeidet høgt og har fått gode tilbakemeldingar på dette. Eiga informasjonsgruppe leia av ordføraren. Har vaktordningar for kvar dag og helg for å sikra oppdatering også utanom ordinær opningstid.
- Utfordringar framover
- kapasiteten i administrasjonen, utvikling og endring i tenestene vert ikkje prioritert
  - skal levera dei same tenestene som større kommunar og gje dei same tilboda,
  - økonomisk kontroll, kan ikkje alltid seia nei, veit ikkje om vi får kompensasjon for alle ekstra kostnader

- tiltaksplan for å koma ut av Robekregisteret
  - framdrift i saker som treng prosessarbeid
  - førebels oversikt over saker som kjem til handsaming fram mot sommaren og tidleg haust
- 

Ole J. Mjøs, H, Kva med smittemistanke barnehagen.

Ordføraren, barnehagane vert inndelt i kohortar, og eventuell karantene vert då for den aktuelle kohorten. Jfr. rettleiar for dette.

Tone Mjelde, SV, innspel om at konkurransedyktig løn er viktig som rekrutteringsverktøy.

Ellinor Birkeland, FRP, Osterøy kommune er f.t. mellom dei 5 kommunane med høgast smittetal pr. 1000 innbyggjar. ER utvida testing vurdertfor å stoppa ytterlegare smittespreiing?

Ordføraren, har ikkje mangel på testutstyr lokalt. Flaskehalsen ligg f.t. testkapasiteten på Haukeland sjukehus. Følgjer nasjonale retningslinjer for testing med lokal tilpasning. Kjenner ikkje til at mange som ynskjer testing blir avviste.

Biarte Aarland, KRF, folketal i h.t resten av landet, talet på testa og prosentdel positive testar?

Ordføraren, har testa 212 personar, ikkje under landssnittet på testa. Talet på smitta over snittet, har testa mange nærekontaktar, og vil då få fleire positive svar.

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **HS - 015/20 VEDTAK:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

---

Elin B. Lona, SV, kom til møtet til sak 016/20, og varamedlem Synne Thunestvedt forlet møtet etter sak 015/20 – 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

#### **016/20: Delegering av mynde frå heradsstyret i samband med koronakrisa**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

#### **22.04.2020 HERADSSTYRET**

Elin Hege B. Lona, SV, kom til møtet til denne saka - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Heradsstyret delegerer ikkje ytterlegare mynde enn det som ligg i gjeldande reglement."

**AVRØYSTING**

Ordføraren sitt framlegg - samrøystes vedteke

**HS - 016/20 VEDTAK:**

**"Heradsstyret delegerer ikkje ytterlegare mynde enn det som ligg i gjeldande reglement."**

---

**017/20: Interpellasjon om sal av skulebygget i Mjøsdalen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**22.04.2020 HERADSSTYRET**

Ordføraren, ynskjer ikkje å ta denne saka opp til realitetsbehandling i dag.

Jarle Skeidsvoll, KRF, fekk høve til å orientera om bakgrunnen for interpellasjonen og gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune sel gamle Mjøsdalen skule til Stiftinga Hosanger Montessoriskule etter same modell som ved sala av skulane på Hamre og i Hjellvik. Salet skal omfatte avtale om rettar og plikter knytt til uteareal som i dag vert delt mellom skulen, barnehagen og frivillige organisasjonar, samt leigetilhøve for barnehagen. Området vert regulert om frå LNF til tenleg føremål i samband med den kommande rulleringa av arealdelen av kommuneplanen i Osterøy."

Framlegget vart ikkje teke opp til avrøysting.

---

Ordføraren, viste til sitt førebelse svar på interpellasjonen og gjorde framlegg om å leggja fram sak til neste møte.

Ole Johannes Mjøs, H, bad om å sin habilitet i saka vurdert før vidare debatt.

---

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 19.10 - kl. 19.15 med gruppemøte for KRF.

---

Jarle Skeidsvoll, KRF, støttar ordføraren sitt framlegg om at saka vert lagt fram til neste

---

*Protokoll frå heradsstyret 22.04.2020*

heradsstyremøte.

---

Etter dette vert saka lagt fram til neste møte.

**HS - 017/20 VEDTAK:**

**Saka vert lagt fram til neste møte.**

---

**018/20: Interpellasjon om støtte til evakuering av flyktingar frå Morialeiren, Hellas**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**22.04.2020 HERADSSTYRET**

Elin Hege B. Lona, SV, la fram interpellasjonen og gjorde slikt framlegg: "Osterøy Heradsstyre støttar oppropet om å evakuere barna frå Morialeiren i Hellas."

Ordføraren, har ikkje gitt svar på interpellasjonen.

**AVRØYSTING**

Ta saka opp til handsaming - vedteke med 20 røyster (5SP,4H,4AP,2SV,3KRF,1MDG,1V)  
mot 7 røyster (7 FRP)

---

**AVRØYSTING**

SV sitt framlegg - vedteke med 20 røyster (5SP,4H,4AP,2SV,3KRF,1MDG,1V)  
mot 7 røyster (7 FRP)

**HS - 018/20 VEDTAK:**

"Osterøy Heradsstyre støttar oppropet om å evakuere barna frå Morialeiren i Hellas."

---

**Andre saker/spørsmål**

Rita Tveiten, AP, fråfall sitt spørsmål.

Siren Tyssebotn, FRP, 1. Spørsmål frå tilsette i pleie- og omsorgstenesta om å få arbeidstøy på line med andre tilsette i kommunen. 2. Elbilladepunkt – kva tid blir desse fjerna? 3. Asfaltering ved eldrebustadene i Haus.

Ordføraren, spørsmål 1 må takast opp internt, då dette ikkje er noko heradsstyret kan ta stilling til. 2. Det er ikkje snakk om å fjerna ladepunkt, men å erstatta dei med nye med betalingsløysing, og dette vil koma på plass. 3. Asfaltering ved eldrebustadene skal bli ordna.

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordføraren vart desse valde: Bjarte Aarland og Kjersti I. Vevatne.

Lonevåg, 23.04. 2020

Bente Skjerpning  
Utvalssekreterær

---

Lars Fjeldstad  
Ordførar

Bjarte Aarland

Kjersti I. Vevatne